

Ikkje eit mål dyrka jord ligg brakk på Haramsøy:

Slåtten alt i full gang — 8–10 dagar føre tida



— Det er på tide å ta til med slåtten, seier gardbrukar Agne Ulla på Haramsøya. I denne veka tok han og naboen til å køyre førsteslåtten i silo, og dei er ikkje åleine om å byrje tidleg.

— Arsveksten ser bra ut i år, og tørken har ikkje sett graset så mykje tilbake på våre kantar. Slåtten i år kjem dermed i gang 8–10 dagar tidlegare enn normalt, seier han.

Heradsagronom Emil Nerland i Haram, med kontor på Longva, reknar med at slåtten tek til for alvor i slutten av denne veka og i byrjinga av neste. Et-

— Det er slutt med hesjing på gardane no, seier heradsagronomen. Mest alle har fått seg store siloar — mange må bygge på og utvide for å få plass til alt graset. No kan ein mann sitje på traktoren og greie slåtten åleine — han gjer like mykje som 7–8 mann greide før då graset skulle hengast på hes. Styreapparatet er kobla til traktoren, graset vert køyrd inn på siloen med store vogner.

— Siloslåtten er først og fremst arbeidssparande — og det er viktig i våre dagar med mangel på arbeidskraft. Dessutan er næringsinnhaldet i silo-

* Her er det berre å setje ljaen i graset, konstaterer heradsagronom Emil Nerland i enga utanfor bustaden på Longva.

regnver har vaska ut, seier Emil Nerland.

På Nordøyane er det mjølkeproduksjon som bøndene satsar på. Nerland kjem berre på ein bonde som driv kjøtproduksjon. Denne bonden har vel 150 ungdyr.

— Elles er det frå 15 til vel 20 mjølkekyr på gardane her ute. Avdråtten frå kvar ku er blitt større, og er no 5 000–6 000 kg i gjennomsnitt, seier

Forts. fra side 1 ①

oooooooooooooooooooooooooooo

dinga frå Sunnmøre Meieri og finn ut at Haram noterte seg for om lag 5 mill. kg mjølk i fjor — storparten kjem nok frå Nordøyane. Heradsagronomen hugsar godt den tida då kvar ku berre ytte 1 500 kg mjølk i året — men då var det ikkje snakk om å gi buskapen kraftfor.


Mange plassar er nedlegging av bruk eit stort problem — dyrka mark vert liggande brakk. Korleis er det på Haramsøy?

— Her er ikkje eit mål dyrka mark som ligg brakk, seier Nerland med ettertrykk. Det gler han stort at jorda vert utnytta. Rett nok hender det at folk

sluttar med husdyr på nokre småbruk — men det er slike plassar der mannen har vore borte på arbeid medan kona og born dreiv fjøset. Når desse sluttar, er straks dei større bøndene frampå for å få leige seg tilleggsjord.

Denne ordninga har gått fint — det einaste måtte vere at jorda som regel berre vert leigd bort for eit år om gongen. Dei større bøndene er interesserte i å inngå langsiktige kontrakter for å få høva til å investere meir.

sp 13-6-74 paul e.



* Det ser ikkje ut til at tørken har sett graset svært mykje tilbake på garden hos Agne Ulla på Haramsøya — både han og naboen er i full gang med forhaustaren.

oooooooooooooooooooooooooooo



* Hildegunn Aarset, Volda, og Peder Ulla, Haramsøy, vigde i Volda kyrkje 11. juli. 1975